

Årsmelding Jølster IL Alpin 2019



Styret sidan årsmøte 3.6.19:

Leiar: Fabian Bergqvist.

Nest-leiar: Roger Ellingsund.

Marknad/Sponsoransvarleg: Atle Hamar.

Kasserar/ Tidtaking: Leon Gjerland.

Premieansvarlig/Sekretariat: Hilde Kristin Hårkau.

Kommunikasjon og sosial media: Torbjørn Erland og Lillian Vasstein.

Kommunikasjon JS: Knut Arild Flatjord.

Utanom styret er

Utstyrssvarleg: Vidar Taklo

Jølster IL Alpin har fokus på breidde. Skiglede til flest mogeleg, lengst mogeleg.

Med dei siste åra fallande medlemstall er fokus rekruttering i spesielt aldrane 6-10 år. Ved sidan av dette tilrettelegging for gode treningsforhold for aktive alpinistar opp til og med 16 års alder.

Jølster Alpin har eit godt samarbeid med Jølster Skisenter, som gjer det mogleg å arrangere treningar, samt renn for alle målgruppene. I tillegg til lokale aktive også i form av internasjonelt FIS-renn

Styret har jamlege møter etter vedteke møteplan. Sidan årsmøte 3.6. var det totalt 5 styremøter. I tillegg gruppemøter relatert til Multisportanlegg samt FIS-renn 2020.

Trening, organisering og sportsleg aktivitet



Skiskule: Det var vinter 2019 skiskule for nybyrjarar i ei gruppe under ein helg i starten av januar. Det var så arrangert variert skiskule og trening måndagar og torsdagar for 3 ulike grupper. Ei gruppe for dei yngste i Hauglandsheisen og delvis Familiebakken. Ei gruppe for dei litt eldre i Familiebakken på måndagar og nedre del av Kvamsbakken på torsdagar. For dei eldste aktive trening måndag og torsdag i Kvamsbakken.

Totalt var det ca 48 barn og unge som deltok. I tillegg 8 stk på «Jølster Masters»

Multisportanlegget i Bjørkelia var under året ytterlegare ferdigstilt. I tillegg var der montert lys ved anlegget.

Det har vore god deltaking av dei aktive i Jølster alpin på krinssamlingar I Bjørkelia, på Juvass, Ål og Hafjell/Kvitfjell.

Under året har klubben sine 2 FIS-løparar vore på henholdsvis Skigymnas/Oppdal Alpin elite (Jørgen Taklo) samt regionslaget Trønder Alpin (Andreas Strand).

Sportslege resultat:

I dei mange krinsrennen med aldersbestemte klasser markerer seg framleis Jølster med god deltaking.

Det var også fleire frå Jølster representert i nasjonelle stevner som Telenorlekene for U13 og U14, Donald Duck Wintergames for U9-U16 samt Bendit Alpinfestival i Ål for U8 – U12.

Nasjonellt og internasjonellt var Jørgen Taklo og Andreas Strand aktiv i ulike FIS-renn og meisterskap.

I tillegg var Andreas Strand tatt ut til å representere Noreg i Junior VM, der han fekk ein 5-e plass i slalåm. Andreas Strand blei i november-19 også første alpinist frå Jølster i eit EuropaCup-renn.

I krinsmeisterskap hadde vi følgjande pall-plasseringar:

Slalåm	Kjetil Aarøen Taklo (Gull U12)
	Håvard Aarøen Taklo (Krinsmeistar U14)
	Oskar Ellingsund (Sølv U14)
Storslalåm	Kjetil Aarøen Taklo (Gull U12)
	Håvard Aarøen Taklo (Krinsmeistar U14)
	Oskar Ellingsund (Sølv U14)
SuperG	Nora Tveit (Gull U12)
	Synne Vasstein (Sølv U12)
	Ingrid Rognebakke Svidal (Bronse U12)
	Kjetil Aarøen Taklo (Bronse U12)
	Oskar Ellingsund (Krinsmeistar U14)
	Håvard Aarøen Taklo (Sølv U14)
	Sofie Årdal (Krinsmeistar U18)
	Matias Årdal (Brone U21)
Utfør	Nora Tveit (Gull U12)
	Synne Vasstein (Sølv U12)
	Ingrid Rognebakke Svidal (Bronse U12)
	Kjetil Aarøen Taklo (Bronse U12)
	Håvard Aarøen Taklo (Krinsmeistar U14)
	Oskar Ellingsund (Sølv U14)
	Sofie Årdal (Krinsmeistar U18)
	Matias Årdal (Sølv U21)

Telenorlekene for U13-U14 (2005-2006) på Vassfjellet mars-19.

Telenorlekene er landsfinale med ca 100 deltakere i hver årsklasse for de som er født 2005-2006, de ble i 2019 arrangert av Freidig Alpin i Trondheim under krevende forhold. Jølster Alpin stilte med 2 deltakere, Håvard Aarøen Taklo 05 (U14) og Oskar Ellingsund 06 (U13), totalt 5 utøvere fra fylket, krinsen stilte med trener/leder v Eilert Årseth. Samarbeid på tvers av klubber i fylket må til for at utøverne skal få god oppfølging under lekene og en fin sosial ramme der en deler på gleder og skuffelser.

Det konkurreres i 3 disipliner i løpet av 4 dager.

Resultater:

SG: Håvard nr 37, Oskar 31

SSL: Håvard nr 26, Oskar 14

SL: Håvard var uheldig å brøt, Oskar 26 i kraftig snøvær.

Bendit alpinfestival på Ål mars-19.

Jølster hadde 2 deltagarar i 2019 på verdens største alpine barn-festival. Rundt 1000 barn frå alder 4-12 år deltok på Ål 22-24.3. Lena Strand (U9) og Kjetil Aarøen Taklo (U12) deltok for Jølster.

Resultater:

Lena køyde godt med i urangert klasse.

Kjetil blei nr 25 (SG), nr 23 (SSL) og nr 55 (SL).

Donald Duck Wintergames april-19.

Donald er blitt en årlig tradisjon som avslutningsrenn for sesongen arrangert av Heming IL i Hemsedal. Her møter også våre unge håpefulle stjerner fra landslagene som også stiller til start, samt deltar på div arrangementer for å gi noe tilbake til neste generasjon alpinister. Helgen er preget av stort fokus på det sosiale både for foreldre og utøverne, på tvers av klubber og kretser. En helg som blir sett frem til i lang tid. Jølster Alpin hadde 4 utøvere på start i disiplin SSL og SL, Håvard Aarøen Taklo 05 (U14), Oskar Ellingsund 06 (U13), Kjetil Aarøen Taklo 07 (U12) og Lena Strand som den yngste utøver fra Jølster alpin i en alder av 9 år.

Resultater:

SSL, Håvard 21, Oskar 14, Kjetil 18

SL, Håvard 24, Oskar DSQ, Kjetil 11

Utøverne har vist en stor innsats og treningsvilje som viser igjen på resultatene de klarer å oppnå i konkurranser med langt større klubber med bredere utøvermasse og treningstilbud. Vi er stolte over og på vegne av utøvernes prestasjoner.

NM og Junior-NM.

I NM i Hemsedal deltok Jørgen Aarøen Taklo (-01) og Andreas Strand (-98).

Jørgen køyde samlege disipliner og blei nr 27 (SC), nr 41 (Utfor), nr 52 (SG), DNF2 (SSL) og nr 32 (SL). Andreas stilte berre til start i Slalåm og Storslalåm utan det store hellet. DNF1 i slalåm og nr 43 (nr 19 i JuniorII-NM) i storslalåm.

I Junior1-NM deltok Jørgen Aarøen Taklo. Renn var delt mellom Hafjell, Jølster og Voss.

Jørgen blei nr nr 6 (Utfor), nr 13 (SG), 16 (SSL) og nr 5 (SL).

Junior-VM.

Andreas Strand hadde ein fantastisk start på 2019 med svært gode plasseringar i slalåm i fleire FIS-renn. I alt vann han 4 FIS-renn og hadde i alt 10 pallplasseringar. Alt i slalåm. Hans prestasjonar blei belønna med ein plass i Junior- VM i Val Di Fassa i Italia i februar. Etter ein dårlig førsteomgang klatra Andreas og køyrd inn til ein 5-e plass etter å ha vore aller raskast i den andre omgangen.

Her sittande i «Leader-chair»:



Arrangement:

Vi arrangerte i 2019:

Kvalikrenn for Sogn og Fjordane og Hordaland 2-3. februar.

Sparebanken Vest Alpincup storslalåm 2. februar.

Sparebanken Vest Alpincup slalåm 3. februar. 2 storslalåmrenn 18.2

Even Hole Cup (flytta frå Breimsbygda pga snømangel) 18. april.

FIS-renn slalåm 9. og 10. mars. Rennet 9. mars var også offisielt Junior1-NM

Telenor karusellrenn for dei yngste løparane vart arrangert 3 gongar i løpet av sesongen.

Lagsmeisterskap blei arransjert 21.4. og 22.4. God stemning. Totalt ca 35 deltagarar i alle aldra under dei 2 dagane.

22.4. var det parallelslalåm. Termometeren ved heisbua påstod at det var heile + 25 grader. Slalåm 23.4. blei avlyst. Dagen etter var all snø borte...



Økonomi/ Støttespelarar/Eldsjal

Jølster Alpin har kontinuerleg investering av sikringsnett, portar og anna utstyr til treningar og renn dei siste åra. Inntektene kjem hovudsakeleg frå sponsorinntekter, trenings- og rennkontigent, og midlar frå hovudlaget. Alpingruppa har ein sunn og berekraftig økonomi.

Jølster Alpin har ei rekke trufaste sponsorar som har støtta oss i ei årrekke. Vi takkar følgjande verksemder:

Firda

Eninvest

Åsen & Øverlid

ADCom Fjord Data

Avans AS

Intersport/Erdal Sport.

I samband med skitinget i mai blei mangeårig eldsjel i Jølster Alpin Atle Hamar markert og fekk høgst fortent hederspris for sitt engasjement i alpinidretten.



Takk til alle våre eldsjelar, støttespelarar, og takk til alle deltakarar, foreldre og trenarar som har stilt opp på stort og smått i alpinåret 2019!

Styret i Jølster IL Alpin
6. februar 2020